



Det annonserte karnevaldiskoteket i Helgheim ikveld skulle innehalda ei overrasking og det var dei nye spela biljard og airhockey Den var nok ei medverkande årsak til at ungdomslaget kune notere seg for rekordframmøte denne gongen. I første økta for dei mellom fyrste og fjerde klasse møtte det 38 og i andre økta - for dei mellom femte og sjuande kom det faktisk 50.



Nye spel var eit høgdepunkt denne kvelden

Den nye rekorden er med andre ord 88 frammøtte, noko som er ei positiv oppleving for dei som gjer ein innsats for dei unge her i bygda.

Det var premiering for best kledde jente, best kledde gut, den mest vågale og den mest kreative. Premievinnarane finn ein på biletet over og så kan ein freista å finna ut kven som gjekk til topps i dei ymse klassane! Limboen var eit av kveldens høgdepunkter.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

